
Saksnr: 2021/19713-1
Saksbehandlar: Anders Søyland
Dato: 04.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Webinar om allemannsretten og tilrettelegging for friluftsliv

Vestland fylkeskommune arrangerer to webinar om ferdsel og friluftsliv. Den 31. mai kl. 12.00-14.00 er allemannsretten tema, og 2. juni kl. 12.00 - 14.00 er fokus på tilrettelegging for friluftsliv.

Webinara er primært retta mot tilsette som jobbar med friluftsliv, reiseliv og folkehelse i kommunane i Vestland.

Ei auke i interessa for friluftsliv, endring i måten vi opplever naturen på, internasjonal turisme og klimaendringar gjer at det dukkar opp nye problemstillingar og utfordringar relatert til m.a. terrengslitasje, forsøpling, trengsel. Det kan og oppstå konflikhtar med tradisjonelle brukarar og lokalbefolkninga i mykje besøkte område.

På grunn av auka tilstrøyming av turistar og besøkande som vil oppleve vestlandsnaturen, har fleire kommunar i Vestland innført lokale forskrifter som regulerer m.a. kor det er lov å slå opp telt og korleis ein skal ferdast i eit område. Slike reguleringar kan vere naudsynt for å hindre for stor slitasje på natur og stiar, men inneber samtidig ei innskrenking av allemannsretten.

I webinarret om **allemannsretten** vil kommunane Stad, Stryn og Ullensvang, som har innført lokale forskrifter som regulerer ferdsel og opphald, fortelje om bakgrunnen for desse reguleringane og kva som er erfaringane etter at reguleringane blei innført. Bergen og Hordaland turlag vil bidra med sitt perspektiv på slike reguleringar og fortelje om kva dei gjer for å informere om og auke kunnskapen om allemannsretten.

I webinarret om **tilrettelegging** vil fokus vere på korleis det kan leggest til rette for at flest mogleg kan ta del i friluftslivet, samstundes som ein på best mogleg vis ivareteke natur og miljø. Krav til universell utforming og eit ønske om å tilrettelegge for flest mogleg brukargrupper kan gjere at turveggar og anna tilrettelegging blir gjort på ein måte som utfordrar natur- og kulturlandskapet. «Rett sti på rett stad» er eit omgrep som blir stadig meir aktuelt og som vi vil få betre kjennskap til på webinarret.

Webinara vert gjennomført i Teams. Det er førebels ikkje opna for påmelding til webinarret, men ved ønske om deltaking kan det sendast mail til anders.soyland@vlfk.no, så vil det bli sendt ut program og link til arrangementa når det nærmar seg.

Fylkesrådmannen vil og opprette ei nettside under VLFK sine nettsider, der vi vil legge ut relevant informasjon om allemannsretten og legge ut linkar til andre nettstader som omhandlar friluftsliva og allemannsretten.



Hoddevika, Stad kommune Foto: Joakim Vedvik